

Statsbygg  
Postboks 8106 Dep  
0032 OSLO

Deres referanse

Vår referanse  
200800073-/KAF

Dato  
11. januar 2008

## STATSBUDSJETTET 2008 - TILDELINGSBREV

Stortinget har handsama St. prp. nr. 1 (2007-2008) jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008). Med bakgrunn i stortingsvedtaka og reglementet for økonomistyring i staten §7 med tilhøyrande føresegner, har Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) utarbeidd dette tildelingsbrevet som gir dei økonomiske rammene for Statsbygg i 2008, i tillegg til å fastsetje fullmakter, prioriteringar, resultatmål og krav til rapportering. Departementet si styring vil leggje vekt på involvert risiko og kva som er vesentleg i verksemda til Statsbygg.

### 1. BUDSJETT OG FULLMAKTER

#### 1.1 Budsjettrammer 2008

##### 1.1.1 Rammer

##### Utgifter:

Statsbygg er gitt 2 759,977 mill. kroner fordelt på følgjande kapittel og postar i 2008:

<b>Kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga</b>		<i>(i 1000 kr)</i>
<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2008</b>
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	15 316
31	Igangsetjing av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	15 000
33	Vidareføring av byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	1 443 600
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	12 000
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	75 700
	<b>Sum kap. 1580</b>	<b>1 561 616</b>

**Kap. 1581 Egedomar til kongelege føremål** (i 1000 kr)

Post	Nemning	
01	Driftsutgifter	21 224
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	38 233
	Sum kap. 1581	59 457

**Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet** (i 1000 kr)

Post	Nemning	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 000
30	Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>	43 500
	Sum kap. 1582	44 500

**KAP. 2445 Statsbygg** (i 1000 kr)

Post	Nemning	
24.1	Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-2 719 876
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	966 976
24.3	Avskrivningar	397 399
24.4	Renter av staten sin kapital	51 327
24.5	Til investeringsføremål	900 000
24.6	Til reguleringsfondet	-43 248
	Sum post 24 Driftsresultat	-447 422
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	54 971
31	Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	70 000
32	Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	38 000
33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt, <i>kan overførast</i>	280 000
34	Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>	909 800
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	89 068
49	Kjøp av egedomar, <i>kan overførast</i>	99 987
	Sum kap. 2445	1 094 404

Inntekter:

Statsbygg skal føre til inntekt 900,125 mill. kroner fordelt på følgjande kapittel og postar i 2008:

**Kap. 4581 Egedommar til kongelege føremål** (i 1000 kr)

Post	Nemning	
01	Ymse inntekter	125
	Sum kap. 4581	125

**Kap. 5445 Statsbygg** (i 1000 kr)

Post	Nemning	
39	Avsetjing til investeringsføremål	900 000
	Sum kap. 5445	900 000

### *1.1.2 Forvaltning av eigedomar utan husleigeinntekt*

Statsbygg har ansvar for å forvalte einiskilde ikkje inntekstgjevande eigedomar utan særskilt løyving. Utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av desse eigedomane må i hovudsak dekkjast med midlar frå dei inntekstgjevande eigedomane, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2007-2008), kap. 2445, Underpost 24.2 Driftsutgifter. Det gjeld òg dei deler av eigedomen Bygdøy Kongsgard som staten forvaltar, og som ikkje har særskild løyving over kap. 1581 Eigedomar til kongelege føremål. Med unntak av visse leigeinntekter på eigedomen, må ordinære utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomen dekkjast av midlar frå dei inntekstgjevande eigedomane.

### *1.1.3 Føresetnader for løyvingane*

Dersom det i løpet av året oppstår uventa utgifter eller bortfall av inntekter, skal desse dekkjast ved omdisponeringar innanfor tildelt budsjettramme. Dersom dette ikkje er mogleg skal Statsbygg så snart som mogleg varsle departementet om saka.

Framlegg om endringar av budsjettet skal Statsbygg ta opp anten i 'Revidert nasjonalbudsjett' (om våren) eller i 'Nysalderinga' (om hausten). Eventuelle forslag til endringar av budsjettet skal innehalde:

- grunngeving for forslaget om inntekts-/utgiftsændring,
- utgreiing om dei viktigaste føresetnadene for, og eventuell uvisse forbunde med løyvingsforslaget,
- informasjon om tiltak for å minimere auken i utgifter/reduksjonen i inntekter,
- forslag til inndekning av auken i utgifter/reduksjonen i inntekter.

Eventuelle framlegg om endringar våren 2008 må vere levert departementet innan 29.02.2008 og på hausten innan 30.09.2008

## **1.2 Fullmakter**

I samsvar med retningslinene i økonomiregelverket gir departementet i tildelingsbrevet eit oversyn over økonomiske og administrative fullmakter som vert delegerte til verksemda. Fullmakter som er direkte relaterte til St.prp. nr. 1/"Gul bok" for terminen 2008 vert omtala i sjølve tildelingsbrevet, mens andre økonomiske og administrative fullmakter går fram av vedlegg til tildelingsbrevet.

### *1.2.1 Delegering av fullmakter*

Departementet delegerer følgjande fullmakter til Statsbygg i 2008, med dei atterhald og presiseringar som er omtalte i pkt. 1.2.2. I dei tilfella Statsbygg er i tvil om forholdet kan tolkast innanfor den aktuelle fullmakta, skal saka leggjast fram for departementet.

#### I. Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2008 kan:

1. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30-49, med inntil 175 mill. kroner, mot dekning i reguleringsfondet,
2. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30-49, med beløp som tilsvarer inntekter frå sal av eigedommar, samt medrekne ubrukte inntekter frå sal av eigedom ved berekning av overført beløp.

## II. Omdisponeringsfullmakter:

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2008 kan omdisponere:

1. under kap. 1580 Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga, mellom postane 30 til 45,
2. under kap. 1581 Eigedommar til kongelege føremål, frå post 01 til post 45,
3. under kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet, frå post 21 til post 30,
4. under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 30-49.

## III. Fullmakter til å gjennomføre investeringsprosjekt innanfor gitte kostnadsrammer

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2008 kan gjennomføre byggjeprojekt og andre investeringsprosjekt, mellom anna forplikte staten innanfor dei gitte kostnadsrammene, under følgjande kapittel og postar:

Kap.	Post	Nemning
1580		<i>Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga</i>
	31	Igangsetjing av byggjeprojekt
	33	Vidareføring av byggjeprojekt
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald
1582		<i>Utvikling av Fornebuområdet</i>
	30	Investeringar, Fornebu
2445		<i>Statsbygg</i>
	31	Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt
	32	Igangsetjing av kurantprosjekt
	33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt
	34	Vidareføring av kurantprosjekt

## IV. Fullmakt til å setje i gang byggjeprojekt utan å leggje fram eiga kostnadsramme - kurantordninga

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2008 kan setje i gang nye byggjeprojekt innafor husleigeordninga under kap. 2445, post 32, utan å leggje fram kostnadsramme for kvart enkelt prosjekt for Stortinget, på følgjande vilkår:

1. brukardepartementet/leigetakar har naudsynte husleigemidlar innafor gjeldande budsjettar, rammer,
2. samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar utover gitte løyvingar overstig ikkje 1 500 mill. kroner,
3. prosjektet si kostnadsramme overstig ikkje 50 mill. kroner.

## V. Diverse fullmakter

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2008 kan:

- a. godskrive kvart enkelt byggje- og eigedomsprosjekt med innbetalt dagmulkt, konvensjonalbot og erstatning for misleghalden entreprise, ved at innbetalinga vert postert i statsrekneskapen på vedkomande investeringspost som ein utgiftsreduksjon,
- b. godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av eigedom forvalta av Statsbygg eller av andre statlege verksemder som ikkje har eiga fullmakt til å selje, for inntil 500 mill. kroner totalt i budsjettåret,
- c. godkjenne kjøp av eigedom finansiert ved salsinntekter, innspara midlar eller midlar frå reguleringsfondet for inntil 150 mill. kroner for kvart enkelt tilfelle, og for inntil 300 mill. kroner totalt, utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av eigedom,

- d. overdra statlege spesialskuljeeigedommar til underpris eller vederlagsfritt til kommunar og fylkeskommunar, dersom ansvaret for skuledrifta vert overteke av kommunen eller fylkeskommunen,
- e. foreta bortfeste og sal av eigedommar som Statsbygg forvaltar på Fornebu for inntil 10 mill. kroner i kvart enkelt tilfelle,
- f. avhende statleg fast eigedom til barnehageformål til marknadstakst.

### *1.2.2 Presisering av fullmaktene*

Fullmakt I-2 gjev høve til å reinvestere heile salsinntekta. Inntekter frå sal av eigedom vert budsjetterte og rekneskapsførte som driftsinntekter, jf. post 24.1 Driftsinntekter. Den bokførte verdien vert nedskreven ved ein auke på post 24.3 Avskrivningar. Eventuell gevinst av salet skal førast på posten 24.5 Til investeringsføremål.

Fullmakt II-2 gjeld berre overføring frå post 01 til 45.

Fullmakt III gir Statsbygg høve til å inngå kontraktar som forpliktar staten ut over årets løyving, men innanfor styringsramma som Stortinget har fastsett, jf. reglementet om statlege løyvingar, føresegner om byggjekontraktar med vidare. Differansen mellom prosjektet si kostnadsramme og styringsramme vert definert som prosjektet si uvisseavsetjing. Handtering av denne er omtalt nærmare nedanfor.

Fullmaktene til å setje i gang og utvide byggjeprojekt, jf. fullmakt IV, gjeld berre prosjekt innafør husleigeordninga der det er inngått forpliktande leigeavtale med ansvarleg departement eller verksemd om dekning av den (auka) husleiga som prosjektet medfører. Dei samla forpliktingane staten pådrag seg som følgje av kontraktane i alle kurantprosjekta, må ikkje overstige 1 500 mill. kroner ut over løyvinga for året.

Kurantprosjekt, med kostnadsramme på 50 mill. kroner eller meir, skal Statsbygg leggje fram for FAD for godkjenning. Finansdepartementet skal som før godkjenne kurantprosjekt med ei kostnadsramme over 100 mill. kroner.

Fullmakt V-b gjeld berre sal, makeskifte eller bortfeste av fast eigedom til full pris (marknadspris). Sala skal skje i tråd med gjeldande instruks om avhending av fast eigedom som tilhøyrer staten. Fullmakta til å selje eigedom på Vestbanen i Oslo ligg i departementet, jf. fullmakt IX-1 b) i St. prp. nr. 1 (2007-2008) for FAD.

Fullmakt V-c vert tolka slik at Statsbygg kan kjøpe eigedom for inntil 150 mill. kroner i kvart einskilde tilfelle, og for inntil 300 mill. kroner totalt utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av eigedomar. Statsbygg må finansiere denne typen kjøp anten ved salsinntekter, innspara midlar og/eller ved å nytte midlar frå reguleringsfondet.

Ved transaksjonar i medhald av fullmakt V-d skal Statsbygg vurdere klausular i avtalen som sikrar tilbakeføring av eigedomen(e) til staten dersom bruken vert endra, jf. at bruken av eigedomen er den sentrale grunngevinga for ei vederlagsfri overføring.

Fullmakt V-e inneber at departementet må godkjenne sal av eigedom på Fornebu med pris over 10 mill. kroner. Verdien av eit eventuelt bortfeste reknas som årleg festeavgift multiplisert med talet på åra kontrakten er gjeldande. Alle forslag om makeskifte skal leggast fram for departementet for handsaming.

Med marknadstakst i fullmakt V-f meiner ein verdien på egedomen nytta til barnehage. Det må vurderast klausuler i avtalen som sikrar tilbakeføring av egedomen(e) til staten, eller regulering av pris, dersom bruken vert endra.

Fullmakta til å korrigere Statsbygg sin balanse ligg i departementet, jf. fullmakt IX-1 g) i St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Departementet viser dessutan til at Kongen for 2008 er gitt fullmakt til å avhende statleg egedom til lågare pris enn marknadspris der særlege omsyn gjev grunn til det, jf. fullmakt IX-2) i St. prp. nr. 1 (2007-2008) for FAD. Slike saker skal Statsbygg leggje fram for departementet for vidare handsaming og avgjerd.

### 1.2.3 Handtering av uvisseavsetjinga i prosjekta

Differansen mellom kostnadsramma (85% sannsynleg resultat) og styringsramma (50% sannsynleg resultat) vert her definert som prosjektet si uvisseavsetjing.

Styringsramma vert lagd til grunn for gjennomføring av byggjeprojekta. Dersom ikkje anna er fastsett, gir departementet administrerande direktør fullmakt til å:

- disponere heile uvisseavsetjinga i kurantprosjekt med kostnadsramme inntil 100 mill. kroner, og tilsvarande i alle andre prosjekt med kostnadsramme inntil 50 mill. kroner,
- disponere uvisseavsetjinga opp til 60% sannsynleg resultat i kurantprosjekt med kostnadsramme mellom 100 og 500 mill. kroner og i andre prosjekt med kostnadsramme mellom 50 og 500 mill. kroner,
- disponere uvisseavsetjinga opp til 55% sannsynleg resultat i prosjekt med kostnadsramme over 500 mill. kroner.

Statsbygg skal skriftleg orientere departementet om vedtak om å utløyse delar av uvisseavsetjinga, med grunngjeving for vedtaket.

Saker om handtering av uvisseavsetjinga som fell utanfor desse rammene, må Statsbygg sende til FAD for handsaming. FAD vil ta saka opp med oppdragsgjevande departement og melde tilbake til Statsbygg. Slike saker må innehalde ein omtale av årsakene til at prosjektet må ta i bruk uvisseavsetjinga, og kva vurderingar som er gjort av andre innsparingstiltak. I samband med rapporteringa gjennom året skal Statsbygg gje ei oversikt over korleis fullmakta til å handtere uvisseavsetjinga er brukt.

## **2. MÅL OG RESULTATKRAV**

### **2.1 Mål og prioriteringar**

Statsbygg skal innafor vedtekne fullmakter og rammer for økonomi, kvalitet og framdrift:

1. syte for rådgjeving og utgreiing i statlig sivil sektor i samband med leige av lokale og planlegging av byggjeprojekt,
2. utføre byggherretjenester i statlig sivil sektor ved å organisere, planleggje og gjennomføre byggjeprojekt,
3. sikre ei kostnadseffektiv og miljøvennleg drift og eit verdibevarande vedlikehald av egedomane,

4. ivareta omsynet til universell utforming, miljø, arkitektur og kulturhistoriske verdier både i eigedomsforvaltninga og i plan- og byggjeprojekta,
5. sikre miljøriktig materialbruk, mellom anna unngå bruk av tropisk tømmer,
6. syte for effektiv utnytting av staten sin eigedomsmasse ved eigedomsutvikling, kjøp og sal,
7. dekkje statens behov for utvikling av større eigedomar som vert ledige, og gi råd, organisere, planleggje og gjennomføre denne typen prosjekt med vekt både på staten sine tomteverdier og trongen for arealutvikling lokalt og regionalt,
8. arbeide for effektivisering i byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa (BAE-næringa),
9. syte for at eigedomane har ein standard som gjer at dei har ein positiv innverknad på by- og tettstadutviklinga,
10. vidareutvikle relevant risikostyring både innan prosjektgjennomføring og eigedomsforvaltning,
11. informere ålmenta om sine satsingar og tiltak innan energi- og klimaspørsmål.

## 2.2 Resultatkrav og indikatorar

Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2007-2008), Stortinget sitt vedtak om løyvingar og fullmakter, samt hovudmål og prioriteringar gitt i dette tildelingsbrevet, stiller Fornyings- og administrasjonsdepartementet følgjande resultatkrav til Statsbygg i 2008:

Resultatkrav 2008	Resultatindikatorar
1. Sluttkostnaden på projekta skal samla sett ikkje overstige styringsramma med meir enn 1%.	Sluttkostnad i prosent av styringsramma på byggjeprojekta under kap. 1580, 1581 og 2445.
2. Overføringane til neste budsjettermin skal ikkje overstige 7,5% av disponibel løyving.	Overføring av unytta løyvingar til neste budsjettermin under kap. 1580, 1581, 1582 og 2445
3. Minimum 6% rentabilitet av totalkapitalen.	Resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året.
4. Klimakorrigert energiforbruk skal ikkje overstige 210 kWh/m <sup>2</sup> .	Klimakorrigert energiforbruk pr. m <sup>2</sup> .
5. Utleigde areal skal utgjere minimum 98% av totalt areal.	Del av utleigd areal i forhold til samla areal det er mogeleg å leige ut.
6. Minimum 95% av leigetakarane skal vere nøgde med Statsbyggs eigedomsforvaltning. <sup>1</sup>	Prosentdel leigetakarar som er nøgde med Statsbyggs eigedomsforvaltning.
7. Rapport som viser i kva grad Statsbygg oppfyller kvalitative føringar.	Statsbygg skal gi rapport om ivaretaking av miljø, arkitektur, kulturminne, universell utforming m.m., jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2007-2008) og tildelingsbrevet.

<sup>1</sup> Med nøgde kundar meiner ein kundar som er "ganske nøgde", "svært nøgde" og "heilt nøgde".

### **2.3 Risikostyring**

Ei god mål- og resultatstyring inneber at leiinga har god oversikt over forhold som kan hindre måloppnåinga, risikoen for at dette skjer, og kva for avbøtande tiltak som kan setjast i verk. Departementet legg til grunn at Statsbygg gjennomfører risikoanalysar innafør alle hovudområdar av verksemda. Det er viktig at risikovurderingar vert ein integrert del av internkontrollsystemet i Statsbygg, jf. økonomiregelverket med tilhøyrande føresegner.

Statsbygg skal gjennomføre risikovurderingar både på strategisk og operativt nivå. På strategisk nivå skal ei slik risikovurdering vere ein del av den årlege rapporteringa (årsrapporten).

På det operative nivået skal Statsbygg vurdere risiko i høve til oppfylling av budsjett- og resultatmåla i den rapporteringa som skjer pr. 31. mars og 31. august, jf. pkt. 3 Rapportering.

I byggjeprojekta er risikovurderingar i stor grad lagt inn som ei del av rutinane for prosjektgjennomføringa. Departementet ber Statsbygg syte for at risikovurderingar vert implementert på egna måte også i den daglege drifta på eigedomane. Departementet ber på denne bakgrunn om at Statsbygg oversender ein skriftleg orientering om arbeidet med risikovurderingar innafør FDV-området til etatsstyringsmøte nr. 2 i 2008.

### **2.4 Strategiske utfordringar og satsingsområde**

Statsbygg skal vere ein leiande aktør innan bygg- og eigedomsforvaltninga i Noreg, mellom anna ved å fremje miljøomsyn, sikre god arkitektur og ta vare på viktige kulturminne.

I St. prp. nr. 1 (2007-2008) er det òg lagt til grunn eit mål om at Statsbygg skal medverke til å nå samfunnsmessige føringar innan arkitektur, kulturminnevern, universell utforming og miljø.

Statsbygg skal arbeide aktivt med miljøspørsmål både som byggherre, eigedomsforvaltar, eigedomsutviklar og rådgjevar. I tråd med sertifiseringa etter ISO 14001 skal Statsbygg arbeide kontinuerleg med å betre miljønivået på alle plan innafør verksemda.

Statsbygg skal legge til rette for god arkitektur i alle prosjekt, både som byggherre, eigedomsutviklar og forvaltar.

Statsbygg skal syte for universell utforming av dei bygga Statsbygg forvaltar, jf. handlingsplan for universell utforming for perioden 2007-2010.

Både ved oppføring av nybygg og forvaltning av eksisterande bygningar skal omsynet til levetidskostnader stå sentralt. Som forvaltar skal Statsbygg utføre verdisikrande drift og vedlikehald av eigedomane.

FAD forventar at Statsbygg løyser oppgåvene sine på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, innanfor dei rammene som gjeld for forvaltningsbedrifta. Statsbygg forvaltar store verdjar på vegne av fellesskapet. Det er avgjerande for tilliten til verksemda at organisasjonen vert driven effektivt og med høg fagleg kompetanse. Leiinga i Statsbygg skal sette tydelege krav til verksemda, verdsette innsats og resultat og syte for god intern kommunikasjon. FAD forventar at leiinga har eit kontinuerleg fokus på desse forholda.



Statsbygg skal i 2008 arbeide vidare med gjennomføring av referansemålingar ("benchmarking") innafor utvalde område. I tillegg skal Statsbygg greie ut om andre tiltak som kan sikre kostnadseffektiv forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomsmassen. Statsbygg skal gi eit samla innspel om dette innan 1.3.2008.

Statsbygg skal gjennomføre regelmessige brukarundersøkingar. Resultata skal som hovudregel vere offentleg tilgjengelege og inngå i den årlege rapporteringa.

Regjeringa arbeider med fornyingstiltak innan den statlege bygg- og eigedomsverksemda. Statsbygg må delta aktivt i dette arbeidet med dei ressursane som trengs. Mellom anna skal ein arbeide med sikte på å innleme fengselseigedomane i den statlege husleigeordninga. Det vil vere aktuelt med ytterlegare tiltak i løpet av 2008.

### Økonomistyring

FAD vil understreke det ansvaret direktøren har for at rekneskapsføringa til ei kvar tid er i tråd med fastsette reglar. Departementet legg til grunn at arbeidet med å sikre og utvikle kvaliteten innan økonomistyringa vert vidareført. Departementet viser til *Reglement for økonomistyring i staten med tilhøyrande føresegner*, fastsett av Finansdepartementet.

### Innkjøp og fakturahandsaming

Statsbygg gjennomfører mange innkjøp kvart år. FAD legg til grunn at Statsbygg følgjer gjeldande regelverk på området. Dette inneber at alle kjøp som fell inn under regelverket må kunne dokumenterast gjennom føring av protokoll eller utarbeiding av anna tilfredsstillande skriftleg materiale som dokumenterer innkjøpsprosessen og grunngir val av leverandør.

FAD legg til grunn at Statsbygg har eit kontinuerleg fokus på fakturahandsaming. Dette gjeld både krav i økonomireglementet, vurdering av elektroniske løysingar og tiltak for ein mest mogeleg effektiv, sikker og feilfri utbetalingsfunksjon.

### 'Kulturplanlegging'

Under pkt. 2.1 *Mål og prioriteringar* heiter det mellom anna at Statsbygg skal dekkje statens behov for utvikling av større eigedomar som vert ledige, og gi råd, organisere, planleggje og gjennomføre denne typen prosjekt, med vekt både på staten sine tomteverdiar og trongen for arealutvikling lokalt og regionalt. Vidare heiter det at Statsbygg skal syte for at eigedomane har ein standard som gjer at dei har ein positiv innverknad på by- og tettstadutviklinga.

Statsbygg kan ta del i prosjekt med vekt på kulturplanlegging, der ulike aktørar, så vel private som offentlege, går saman om å få til ei positiv og koordinert utvikling i eit definert geografisk område.

### Kulturminnevern og prosjektet *Statens kulturhistoriske eigedomar*

Kgl. res. om *'Overordna føresegner om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedomar'* trådte i kraft 1.10.2006. Departementet legg til grunn at denne vert gjort kjent i alle relevante delar av Statsbygg sin organisasjon. Statsbygg skal i samarbeid med departementet utforme forslag til FADs landsverneplan. Statsbygg skal med bakgrunn i resolusjonen òg utarbeide forvaltningsplanar for eigedomane. Statsbygg skal vidare rapportere særskilt om arbeidet med kulturminnevern, jf. pkt. 2.2 *Resultatkrav og indikatorar*, pkt. 7 om kvalitative føringar.

Prosjektet *Statens kulturhistoriske eigedomar* er forankra i FAD ut 2008. Føremålet med prosjektet er å avklare vernestatus og identifisere eigedomar som bør sikrast for fredingsformål. Oppgåva skal blant anna løysast ved at prosjektet koordinerer og legg til rette for at det vert utarbeidd sektorvise landsverneplanar. Statsbygg skal delta aktivt inn mot prosjektet, både som deltakar i referansegruppa og som produsent av landsverneplanar for fleire departement. Det er viktig for framdrifta i Prosjektet *Statens kulturhistoriske eigedomar* at Statsbygg sett av tilstrekkeleg med ressursar til dette arbeidet.

#### Miljøstyring – "Grøn stat"

Regjeringa vil at statleg tenesteproduksjon skal skje innan miljøvennlege rammer. Miljøleing er eit verkty som skal auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. Statsbygg vart miljøsertifisert etter ISO 14001-standarden i 2006. FAD legg til grunn at dei naudsynte styringsverktøya vert vidareførte i 2008.

Regjeringa la sommaren 2007 fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar ved offentlege innkjøp. Planen inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp. Det vert stilt konkrete krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper, jf. Handlingsplan 2007-2010 T 1467 B *Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp*. Statlege verksemder må følgje opp miljøpolitikken og implementere dei aktuelle krava i interne styringssystem. I rapporten for 2008 skal Statsbygg gje ein oppsummering av korleis handlingsplanen er følgt opp, i tillegg til å gje ein kort rapport om arbeidet med miljøleing i Statsbygg.

#### Forsking og utvikling

Det er viktig at Statsbygg på ulike måtar medverkar i det forskings- og utviklingsarbeidet som skjer inn mot BAE-næringa i Noreg og prioriterer FOU-prosjekt som harmonerer med dei styringssignala som vert omtala i dette tildelingsbrevet.

#### Fornyng og IKT

Eit overordna mål er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og det offentlege. Regjeringa legg vekt på at statlege etatar har eit gjennomtenkt forhold til bruk av IKT i arbeidet sitt. Føremålet er å leggje til rette for gode og effektive administrative rutinar, samt å vidareutvikle verksemda sine tenester overfor kundar og brukarar. Statlege verksemder skal leggje vekt på universell utforming gjennom å følgje kvalitetskriteria <sup>2</sup>(WAI) for tilgjenge til nettbaserte tenester. FAD legg til grunn at Statsbygg både som del av dei laupande aktivitetane og strategiske planane sine, ligg i front når det gjeld bruk av IKT innan eigedomsforvaltning og prosjektstyring.

## **2.5 Andre føringar**

#### Inkluderande arbeidsliv og staten som arbeidsgjevar

Statsbygg skal som IA-verksemd ha ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk. Personalpolitikken må sikre brei rekruttering, stimulere til kulturelt mangfald og bredde i kompetansen. Departementet ber Statsbygg sette i verk naudsynte tiltak med sikte på å nå måla i avtalen om eit inkluderande arbeidsliv.

---

<sup>2</sup> Web Accessibility Initiative (WAI) er internasjonale kriterium for tilgjenge til Internettet

Regjeringa la i statsbudsjettet for 2007 fram ein handlingsplan for integrering og inkludering. Statsbygg skal utarbeide planar for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. I rapporten for 2008 skal Statsbygg gjere greie for:

- talet på (og prosentdel) tilsette med innvandrarbakgrunn i faste og mellombelse stillingar den 1.1.2008,
- mål for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2008,
- talet på og prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn den 31.12.2008.

#### Inntak av lærlingar

Staten har som arbeidsgjevar, på lik line med dei andre arbeidsgjevarorganisasjonane, ansvar for å framskaffe læreplassar for framtidige fagarbeidarar. Statsbygg skal difor vurdere om verksemda kan opprette fleire lærlingplassar, og rapportere til FAD om tilhøva når det gjeld inntak av lærlingar i ulike lærefag. Personalmelding (PM) nr. 16/2006 gir informasjon om inntak av lærlingar.

#### Likestilling: Aktivitets- og rapporteringsplikt

Alle offentlege verksemder er pålagde å arbeide aktivt for å fremme likestilling både som arbeidsgjevar og som offentlig forvaltingsorgan, jf. § 1 i likestillingslova.

Det følgjer vidare av likestillingslova § 1 at verksemdene skal rapportere om "likestillingsstatusen" og angi allereie gjennomførde, pågåande og planlagde tiltak. Rapporteringa skal inngå i Statsbygg sin årsrapport.

#### Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap

Departementa har ansvar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap innafor eige ansvarsområde.

Departementet legg til grunn at Statsbygg følgjer krava i lov om tryggleik. Statsbygg skal delta på departementet sitt seminar om beredskap i 2008. Deltakarane må vere klarerte i høve til aktuelt tryggingnivå. Departementet planlegg vitjing/tilsyn til utvalde verksemder i 2008.

### **3. RAPPORTERING I 2008**

#### **3.1 Utarbeiding av rapport for året 2008**

I medhald av pkt. 1.5.1 Rapportering i *Føresegner om økonomistyring i staten*, skal det utarbeidast rapport for året 2008. Frist for oversending av rapporten for 2008 vert gitt i det årlege rundskrivet om innrapportering til den sentrale statsrekneskapen.

Forutan rekneskaps- og budsjettrapport skal rapporteringa ta utgangspunkt i dei resultatkrava og indikatorane som er fastsette i dette tildelingsbrevet, i St.prp. nr. 1 (2007-2008) og i andre relevante styringsdokument. I tillegg skal det rapporterast om følgjande forhold:

- gjennomsnittleg huskostnad pr. m<sup>2</sup> for ferdigstilte nybygg,
- gjennomsnittleg prosjektkostnad pr.m<sup>2</sup> for ferdigstilte nybygg.

Rapporteringa på desse indikatorane skal så langt som mogleg vere tufta på tidsseriar. Vidare skal resultatutviklinga forklarast.

### 3.2 Rapportering gjennom året

Statsbygg skal utarbeide drifts- og investeringsrapportar pr. 31. mars og 31. august. Departementet skal ha rapportane innan 30. april og 30. september 2008. Rapportane skal utarbeidast etter følgjande mal:

#### Drift

Post	Budsjett, jf. Tild.brev 2008	Periodisert budsjett pr.	Forbruk pr.	Avvik	Avvik i pst.
24.1 Driftsinntekter <sup>1)</sup>					
24.2 Driftsutgifter <sup>2)</sup>					
24.3 Avskrivningar <sup>3)</sup>					
24.4 Renter av staten sin kapital <sup>3)</sup>					
24.5 Til investeringsformål <sup>3)</sup>					
24.6 Til reguleringsfondet <sup>3)</sup>					
24 Driftsresultat					

1) Driftsinntektene vert spesifiserte på leigeinntekter, salsinntekter og andre inntekter.

2) Driftsutgiftene vert spesifiserte på ordinært vedlikehald, administrasjonsutgifter og eigedomsforvaltning.

3) Berre budsjettala skal innarbeidast. Endeleg rapportering skjer i samband med årsoppgjeret.

Når det gjeld driftsinntektene og driftsutgiftene skal ein omtale:

- avvik mellom overførde midlar og periodisert budsjett,
- avvik mellom rekneskap og periodisert budsjett fram til tidspunktet for rapportering,
- uavklara forhold som medfører risiko for avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap i komande periode.

Dersom det på årsbasis vert forventa avvik, skal ein i tillegg gje ein omtale av tiltak for å eliminere avviket.

#### Investeringar

#### **Kap.....**

Post	Overføring frå 2007	Løyving 2008	Omdisponert	Disponibel løyving 2008	Forbruk pr .....	Forventa overføring	Overføringsprosent
------	---------------------	--------------	-------------	-------------------------	------------------	---------------------	--------------------

For kvar post skal det gjerast greie for dei viktigaste føresetnadene og eventuelle usikre moment som ligg til grunn for det berekna forbruket.

Det skal utarbeidast ei særskild tabellarisk oversikt over løyvingar og forbruk for kurantprosjekta under kap. 2445, postane 32 og 34, etter det same mønsteret som vert nytta i samband med rapporteringa på dei einskilde kapitla og postane.

### Fornebu- og Vestbaneprosjektet

Både Fornebu- og Vestbaneprosjektet skal inngå i den ordinære rapporteringa frå Statsbygg.

### Resultatkrav og andre føringar

I den grad Statsbygg i løpet av året finn at det vil oppstå vesentlege avvik i forhold til resultatkrava og andre føringar gitt i dette tildelingsbrevet, skal det orienterast særskild om dette i rapportane. Statsbygg skal i tillegg gjere greie for planlagde tiltak med sikte på å eliminere avviket.

FAD ber vidare om å bli orientert om prosjekt som vert tekne opp med oppdragsgjevande departement og Finansdepartementet når det gjeld eventuell overskriding av styringsramme, jf. tidlegare omtale av korleis uvisseavsetjinga skal handsamast.

### Rapportar frå den interne revisjonen i Statsbygg

Departementet ber om å få tilsendt kopi av rapportar frå internrevisjonen i Statsbygg gjennom året, samt årsrapporten så snart den ligg føre.

### **3.3 Rapportering til statsrekneskapen**

Rapportering til statsrekneskapen skal skje i tråd med rundskriv R-6/2007 frå Finansdepartementet.

## **4. AVSLUTNING**

Økonomiforvaltninga i Statsbygg skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 16.12.2004.

I tråd med krav i § 7 i *Reglementet for økonomistyring i staten*, samt føringar gitt i dette tildelingsbrevet, St.prp. nr. 1 (2007-2008) og andre relevante styringsdokument, vert løyvingane på kapitla 1580, 1581, 1582, 1583 og 2445 stilt til disposisjon for Statsbygg, med tilhøyrande krav om inntekter på kapitla 4581, 5445 og 5446.

Departementet legg til grunn at innhaldet i dette tildelingsbrevet vert gjort kjent for alle relevante deler av Statsbygg sin organisasjon, både sentralt og regionalt.

Med helsing

Heidi Grande Røys  
Statsråd

### Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2008
2. Økonomistyringskalender

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjonen